

Til elevar ved ungdomstrinnet

Ved Granvin barne- og ungdomsskule



Voss herad

Voss Herad

v/ kommunalsjef teknisk Torbjørg Austrud

Oppdrag hald Hardangerfjorden rein, og registrer mikroplast funn.

Bakgrunn:

Store mengder plast i sjøen påverkar plante og dyrelivet. Dyr som viklar seg inn i tau, garn eller emballasje får vanskar med å bevega seg og fanga mat, og dei kan få kuttskadar og infeksjonar. Dersom dyr et plast kan dei stå i fare for forstopping eller få dårlegare næringsopptak. Me veit også at giftstoff frå plast kan hopa seg opp i dyra og overførast til neste ledd i næringskjeda.

Plast er laga av olje, og det går med 2 kg olje for å laga 1 kg plast. Kva vi gjer med plasten etter at vi er ferdig å bruka den, har difor stor betydning for miljøet. Gjenvinning av plast kan spara miljøet og naturen for store mengder olje- og energibruk.

Folk må forstå kor viktig det er å levera plastemballasje til gjenvinning. Mange er flinke, medan andre kunne vorte mykje betre. For å gjera folk merksame på rett avfallshandtering, treng Voss herad hjelp av dykk til å kartleggja og få ut informasjon.

Voss herad legg i desse dagar ut framlegg til ein plaststrategi for Voss herad på høyring der dette vil vera eit bidrag for å finna ut kva som kan setjast inn av tiltak frå heradet si sida.

Oppdrag:

- Gjennomføre ein spørjeundersøking i Granvin for å kartleggja kor bevisste folk er på å sortera avfall. Dette gjeld særleg plastemballasje.
- Undersøkja utvalde områda i Granvinsfjorden for plast og avfall, både haust og vår.
- Laga ei oversikt over kva typar plast (PET merking) og kva eigenskapane desse plasttypene har
- Undersøkja fisk for mogleg plastinnhald i magesekken og andre skadar.
- Undersøkja sandprøver rundt skulen, i elva og i sjøen for mikroplast og registrera funna på miljølære.no

Resultata og arbeidet skal presenterast på skulejubileumet, og i form av ein rapport og ein munnleg presentasjon for representantar for Voss herad.